

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Otterøy

Emne: Helsing, fakter og åtferd

Bygdelag: "

Oppskr. av: Johs. Ekker

Gard: Engjesvikja (Engesvik)

(adresse): Fosslandsosen

G.nr. 19 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ved å bruke orda, sjeldnare ved nikk eller ved å riste på hovudet. Kan ikkje hugse anna kroppsrørsle i denne samanheng.
2. Det har nok vori skikk det når ein møter dei einslige, men sjølvsgått ikkje i folkefjølden.
3. Det var det kanskje, men eg hugsar ikkje noko om det. Det var før kanskje slik at den som hadde ~~minst~~ Krav på vyrdnad, skulle helse først. No er dette borte.
4. Var det ein ein berre passerte forbi, var det vel betre "Goddag" eller "Guds fred", var det ein nærrare kjenning, som ein ikkje hadde møtt på ei tid, handtokst dei gjerne og sa takk for sist, spurde også korleis det sto til heime. Nokon skilnad på om det var menn eller kvinner, hugsar eg ikkje. Borna vart lærde til å helse likeins så langt det høvde for born.
5. Eg hugsar at i min barndom flaug hatten eller huva kvikt av for presten og liknande personar, og med dei snakka med slike, heldt dei hovudplaget langt nede. Men denne åtferda vår ikkje heilt ålmen lenger da.
6. Det gjorde det visst. Eg har høyrd snakk om. Eg har høyrd snakk om at dei sto på vegkanten med hovudplaget millom begge hendene med' presten eller ein annan høg person kørde eller på annan måte passerte forbi.
7. Det kjenner eg ikkje til.
8. Når det var høvelig lenge sia dei hadde møttest. Ved vitjing handhelste dei på alle, også børne, om dei alltid handhelste på voggeborna, tør eg ikkje påstå.
9. Trur ikkje det var skikk her i bygda -- vanlig skikk.
10. Kjenner inkje til det. Har det vori den skikken, er han ventelig avlagt før eg hugsar.
11. Ved at mennene tok av seg hovuplaget. Kanskje sto dei og stille med' ferda for forbi.
12. Nei.
13. Visse klokkeslett kan eg ikkje nemne. Men såvidt eg hugsar sa dei "gomorn" til pålag kl. 8 ell. 9, "goddag" ellest om dagen utover til 6tida (18tida), seinare "gokveld". Når dei gjekk om dagen, sa dei "farvel", om kvelden "goðnatt".
Eg høyrde einskilde som helsa "Guds fred" når dei kom, men det var ikkje vanlig her.
No har det vorti ønsles. No blir det ofte brukt "gomorn" både når ein går, og når ein kjem, og same ka tid på døgnet det er.

8847

HISTORISK MATERIALE OG KULTUR

7488

14. Ja, eg trur dei før såg slike på det. Eit hædande ordtak tyder på det: "Gomorn mett på da'n, sa brura om kveilln".
15. Ordtaket under punktet frammafor er eit slike svar.
16. Ja, ja.
17. Etter høvet brukte ein "velsign arbeidet, velsign strevet, velsign kvila, velsign laget, velsign maten eller velsign spis"
18. Til dette vart svara takk.
19. Ja, det har vori bruk.
20. Det veit eg ikkje noko sers om. Han sa vel til husfaren at han ville snakke med han, og så gjekk dei ut i eit anna rom, ut i gangen eller ut på møtka og snakkast med.
21. Naboar og grannar brukte visst ikkje å banke på, det eg kan hugse. Eg er ikkje stø på om langfarande folk alltid gjorde det heller, men dei gjorde det visst som oftast. No bankar alle på, som ikkje høyrer til på gården.
22. Versågo eller versågo kom inn, vart svåra. Han skulle visst gå litt til sidaes frå døra. Eg hugsar uttrykket: "Du må no gå ifrå døra". Det var meint som ei "høfligheit".
23. Det kom vel an på vyrdnadskrava hos han som kom inn. Den fattige og smålåtne vart vel stående så nær døra som mulig. Den som trudde større om seg sjølv, gjekk vel lenger fram utan vidare, kanskje.
24. Det var vel helst skikken å ta hovudplaget av seg straks ein kom inn, såvidt eg kan hugse.
25. "Dokk må leit fram og sett" (trong e), eller:versågo, fram og sett e. I.
26. Det var kanskje ikkje fritt for det, ellest tør eg ikkje visst seie det.
27. Etter dei hadde svara på helsinga åt den framande; spurde dei alltid kor han var ifrå, dersom han var ukjent
28. Kan godt vera, hugsar ikkje så nøye på det
29. Vart helsa velkomne i handa:
30. Dei sa farvel, svaret var likeins.
31. a) Dei sa farvel, takka for samveret (besøket), ynskte lukka på reisa. Dei som reiste, takka for seg. (Kanskje vart det og følt tårer av kvinnene)
- b) Noko likeins. Kvinnene felte ofte tårer.
32. Ikkje det eg veit, men det kan lell ha vori skikk før.
33. Veit ikkje anna om dette enn at kvinnene ofte kyste småbarna sine.
34. Det vanlige uttrykket var å gje munn.
35. Ikkje det eg hugsar
36. Ukjent for meg
37. Ukjent for meg
38. Gje han (ho) munn (Dette var langt attende, no avlagt).
39. Ja, dei kalla det å bytte næse (nässi).
40. Begge foreldra først og fremst, mest mora sjølvsagt, men det var nok vanlig at mange andre som fekk barnet på fang, gjorde det.
41. Det kan eg ikkje hugse noko om

42. Ja, det gjorde dei visst. Eg hørde snakk om "gokjaka" og "gokjinnbein"
43. Det var nok først og fremst millom forelder og born, men også millom kjærastfolk, eller dei som leika kjærastfolk
44. Dei uttrykka som her er nytta er: "te løkk me" og "løkk me" eller "løkka me".
45. "Løkk me jula, nyåre, påskhelgja, pinshelgja, da'n'o.s.b. "Løkk me" vart også brukt ved dei andre nemnte høve.
46. Kjenner ikkje noko kondolanseuttrykk. Det var visst hølest stille åtferd og togn som uttrykte kjensla. No "kondolerer" dei
47. Er ikkje stø på ka som er meint.
48. Det er vel oftast at dei som talar i sørgehøset, eller på grava, takkar frå avlidne. Kor langt denne att denne skikken går, veit eg ikkje. Det er no oftast presten som talar på desse stadene.
49. Ved å snu baken til, kanskje og klappe seg bak. Ein ser ikkje til dette noko no for tida, -- visstnok sjeldan millom born, også
50. Bygdafolket seier alltid du til kvarandre, ofte også til framande folk og standpersonar. Men dei fleste seier De eller dokk til desse. Før vart borni tilhaldi å seie dokk til eldre folk, visstnok også til foreldra, etterkvart borna vart større, og tenrar sa og dokk til husbandsfolka. No er det du so er rådande millom alt bygdefolket, store og små.
51. Før kunne ein høre det vart brukta "han" eller "ho" i staden for "du". Han fekk da i grunnen same tydnad som ubestemt pronomen.

2/1 - 1953

8915